

**RAMMEPLAN FOR**

**FORDJUPINGSEINING I FORMING**  
(10 vekttal)

**FØRSKOLELÆRARUTDANNINGA**

**Godkjend av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet**  
**3.mars 1997**

## **RAMMEPLAN FOR FORDJUPINGSEINING I FORMING I FØRSKOLELÆRARUTDANNINGA (10 vt)**

Rammeplan for fordjupingseining i forming, 10 vektal, er ei vidareføring og fordjuping av det fagleg- pedagogiske studiet i forming etter Rammeplan for førskolelærerutdanning, 1995. Fordjupingseininga er primært retta mot studentar i 3-årig førskolelærerutdanning og kvalifiserer for pedagogisk arbeid med barn i dei aldersgrupper som Rammeplan for førskolelærerutdanning legg opp til. Studieeininga skal og kunne nyttast som vidareutdanning.

### **1. INNLEIING**

Til alle tider har menneska sett synlege spor etter seg, i bilete og symbol og i utforminga av bruksting rundt seg. Forming er eit kunst- og kulturfag og eit uttrykks- og kommunikasjonsfag. Faget ivaretek i særleg grad den estetiske og praktiske sida ved det pedagogiske arbeidet med barn. Skapande arbeid i ulike materiale vert uttrykt gjennom bilete, skulptur og bruksform. Dette viser seg både i kulturen og i barn og vaksne sine formuttrykk. Basis for faget er at skapande verksemd foregår i ein kulturell samanheng. Faget har eit særskilt ansvar for å utvikle kjensler for estetiske kvalitetar.

Eige skapande arbeid står sentralt i faget. Innsikt og røynsle i skapande prosessar gjev grunnlag for opplevingar, varierte uttrykksmåtar og ny erkjenning, og gjev studentane trening i problemløysande tenkjemåtar. Såleis har faget som siktemål å vere personlegdomsutviklande.

Studiet skal gje kompetanse og tryggleik til å nytte faget i yrkessamanheng. Nødvendige føresetnader for å stimulere barn si skapande verksemd, og for å arbeide målretta med forming i barnehage og første klasse/førskolen er:

- eiga røynsle gjennom skapande arbeid
- grunnleggjande kunnskapar om formingsutviklinga og dei visuelle uttrykksformene til barn
- grunnleggjande kunnskapar om kulturformidling til barn på det visuelle området
- reflektert haldning til faget sin eigenverdi og til faget som pedagogisk verkemiddel for læring og utvikling hos barn

Fordjupingseininga i forming ber i seg dei same verdiane og komponentane som faget har i barnehage og småskole slik dei syner seg i *rammeplan for barnehagen og læreplan for grunnskolen*. Synet på heile mennesket, med individet sin rett til utvikling når det gjeld kunnskap, dugleik og haldning, står sentralt. Utdanninga har ansvar for å førebu studentane til dette pedagogiske ansvaret i formingsfagleg samanheng.

### **2. MÅL**

Fordjupingseining i forming har som mål å spesialisere og vidareutvikle studentane til pedagogisk arbeid med barn i barnehage, første klasse/småskolen og skolefritidsordning.

Gjennom studiet skal studenten:

- vidareutvikle estetisk sans og uttrykksevne gjennom praktisk skapande arbeid med bilete, skulptur og bruksform.
- auke kunnskapen om og røynslene med bruk av estetiske verkemiddel, føremålstenlege materiale, reiskapar og arbeidsmåtar.
- auke kunnskapen om og respekten for dei visuelle ytringsformene til barn, slik at desse kan sikrast rom og vokster
- auke innsikta i, og evna til vurdering av kunst og visuelle kulturuttrykk og bli medvitne om si rolle som kulturformidlarar i barnehage og skole
- vidareutvikle kunnskap og røynsler om planlegging, praktisk tilrettelegging, gjennomføring og vurdering av formingsverksemd for barn med ulike føresetnader, til dømes barn med ulike kommunikasjonsvanskar.
- tileigne seg kunnskapar om og røynsler med forskings- og utviklingsarbeid i praktisk-pedagogisk arbeid med barn.

### 3. INNHALD

Fordjupingseininga i forming byggjer vidare på hovudemna i grunnutdanninga, med særleg vekt på hovudemne 1) praktisk skapande arbeid, 2) formingspedagogikk og 3) kunst, media og formkultur. I tillegg kjem utviklingsarbeid i forming.

I arbeid med formingsteori og kunst, media og formkultur vil omgrepet barnekultur vere sentralt. Dette femner både om den vaksne si kulturformidling til barn på det visuelle området, og om overleveringa og kulturproduksjonen til barn i to og tre dimensjonar. Med tanke på kompetanseutvikling og fagleg fornying vil fordjupingseininga gjennom forskings- og utviklingsarbeid i praksis fremje studentane si evne til didaktisk refleksjon.

Arbeidet med hovudemnet *praktisk skapande arbeid innan bilete, skulptur og bruksform* har størst omfang i studiet. Dette hovudemnet bør utgjere omlag 3/5 av studiet i høve til dei tre andre hovudemna. Hovudemna er obligatoriske, og delemna må sjåast på som retningsgjevande for studieeininga.

Studiet omfattar fire hovudemne:

- praktisk skapande arbeid innan bilete, skulptur og bruksform
- formingsteori
- kunst, media og formkultur
- forskings- og utviklingsarbeid

### 3.1 Praktisk skapande arbeid innan bilete, skulptur og bruksform

Hovudemnet inneheld ulike uttrykksmåtar på det praktisk skapande området. Gjennom praktisk arbeid med hovudemnet skal studenten utvikle eit medvite og reflektert forhold til faget som grunnlag for å møte formspråket og det visuelle uttrykksbehovet til barn. Kunnskap om og røynsle med bruk av estetiske verkemiddel er sentralt. Materialrøynsle og teknisk dugleik er vesentleg for utvikling på det praktisk skapande området. Økologisk tenking bør nyttast under arbeidet med materiale.

Ein bør knyte eige skapande arbeid til oppleving, vurdering og analyse av barn og unge sitt formuttrykk, og til formuttrykka i vår kultur. I den skapande barneleiken er det flytande overgangar mellom bilete, bruksform og uttrykk. Dette er i slekt med nyare kunstuttrykk som installasjon og landskapskunst. Dette bør vere gode utgangspunkt for studentane sitt eige arbeid.

Innhaldet i hovudemnet er organisert i tre område, bilete, skulptur og bruksform. Alle hovudemna er obligatoriske, men vektinga kan vere noko ulik. Delemna er for ein stor del samanfallande for dei tre områda, medan andre er særskilde for anten bilete, skulptur eller bruksform.

Delemne:

Idé, prosess og produkt

- samspel mellom idé, innhald og verkemiddel
- samspel mellom form, funksjon og uttrykk

Uttrykksmåtar

- realistisk, ekspressivt og fabulerande
- formalt og konstruktivt
- uttrykk i rommet - installasjon
- funksjonelt og dekorativt uttrykk

Estetiske verkemiddel

- sentrale omgrep innafor form, farge og komposisjon
- estetiske element og funksjonar

Materiale, teknikkar, maskiner og reiskap

- materialeegenskapar og ulike uttrykk
- eigenskapar til ulike reiskapar, bruk, handsaming og tryggleik
- økologisk tenking
- teknikk, samansetjing og konstruksjon
- bearbeiding og overflatebehandling
- ulike teknikkar innan det grafiske og koloristiske området
- elektronisk biletelaging
- ulike teknikkar innan skulptur, modellert, hogd og konstruert

### **3.2 Formingsteori**

Arbeidet med hovudemnet skal dyktiggjere studenten til sjølvstendig og allsidig pedagogisk arbeid med forming i barnehage, første klasse/småskolen og skolefritidsordning. Hovudemnet tek utgangspunkt i gjeldande lover og planar for pedagogisk verksemd med barn. Teoretisk og filosofisk stoff vert sett i samanheng med praksis (sjå pkt 4. Organisering og arbeidsmåtar). Praksis gjev røynsle og skaper forståing for faget sitt verd og eigenart.

Delemne:

Forming i barnehage og første klasse/førskolen, skolefritidsordning og andre relevante institusjonar der barn er brukargruppe (t.d. kunstskele, kunstinstitusjonar).

- idé, innhald og utvikling i faget
- formingsfilosofi og pedagogiske retningar
- kreativitet og skapande prosessar
- forming og barn med ulike føresetnader

Dei kulturelle uttrykksformene til barn

- to- og tredimensjonalt formspråk og utvikling
- ulike sjangrar i det visuelle formspråket til barn, tradisjon og nyskaping
- barneleik i høve til visuell form

Pedagogen si rolle, ansvar og oppgaver

- vaksenrolla
- observasjon, planar og fagdidaktikk
- praktisk tilrettelegging av verkstad og fysisk miljø

### **3.3 Kunst, media og formkultur**

Dele hovudemnet omfattar oppleving, analyse og bruk av kunst, kunsthandverk og folkekunst, mediebilete og masseprodusert bruksform. Fagstoffet skal gje innsikt i og forståing for at skapande verksemd foregår i ein kulturell samanheng. I arbeidet med hovudemnet legg ein vekt på kunnskap om tilhøvet mellom dei kulturelle ytringsformene til barn og den kulturen dei lever i. Historiske, samfunnsmessige og ulike kulturelle tradisjonar vert behandla. Kulturstoffet vert formidla og problematisert slik at det gjev grunnlag for oppleving, sjølvstendig analyse, vurderingar og val.

Delemne:

Estetikk

- estetisk teori
- persepsjon
- estetisk oppleving, røynsle og medvit

Formidling

- teori og vurdering av ulike formidlingsmåtar
- arbeid med ulike biletesjangerar laga for barn, til dømes biletbøker
- bruk av bibliotek, utstillingar, museum og andre kulturtilbod for barn

#### Kunstbilete, skulptur

- ulike kunstretningar, uttrykksformer og verkemiddel

#### Bruksform og miljø

- kunsthandverk, folkekunst og masseprodusert bruksform
- personleg uttrykk, privat og offentleg miljø
- det fysiske og visuelle miljøet til barn

#### Mediebilete

- biletkommunikasjon
- føremål, verdiar og haldningar
- barn som konsumentar av bilete

### 3.4 Utviklingsarbeid

Rammeplan for barnehagen legg vekt på at pedagogisk utviklingsarbeid er eit viktig element i prosessen med å sikre kvaliteten i barnehagearbeidet. Utvikling og fornying av barnehagen og småskolen sitt innhald er viktig. Som utgangspunkt for eit mindre FoU-arbeid, individuelt eller i gruppe, skal studenten gjere seg kjent med metodar som høver for undersøking av formingspedagogiske problemstillingar. Gjennom systematisk og kritisk gjennomføring av eit utviklingsarbeid knytt til praksis med barn i barnehage, første klasse/førskolen eller anan relevant institusjon, skal studentane skaffe seg røynsle på området. Innsamling, registrering og analyse av kulturuttrykka til barn bør inngå i arbeidet. Det bør og skapande arbeid i materiale, faganalyse og fagdidaktikk.

Delemne:

#### Innføring i forskings- og utviklingsarbeid

- utviklingsarbeid i forming, aktuelle eksempel
- metodar
- dokumentasjonsformer

#### Gjennomføring av utviklingsarbeid

- problemoppleving, avgrensing
- innsamling og bearbeiding av materiale i ulike former
- dokumentasjon

## 4. ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER

Forming er eit fag som i stor grad er prega av arbeidsmåtane. Praktisk- estetisk arbeid og teori skal saman danne grunnlaget for ei sansande, opplevande, eksperimenterande og reflekterande arbeidsform. Studieeininga skal organiserast slik at studentane kan oppleve og forstå

formingspedagogisk arbeid som ein del av den daglege pedagogiske praksisen i barnehage og småskole. For å gje studentane ei slik forståing, er det naudsynt å sjå hovudemna i samanheng.

I hovudemnet *praktisk skapande arbeid innan bilete, skulptur og bruksform* står estetisk skapande arbeid med materiale sentralt. Det er viktig å finne fram til ei rimeleg veksling mellom spontane, intuitive og meir analytiske, problemløysande arbeidsmetodar.

I studiet inngår deltaking i ekskursjonar. Studentane sine opplevingar og samhandlingar i ulike miljø gjev impulsar og bør sjåast på som ein viktig del av den fagleg-pedagogiske forståinga.

Undervisningsformene bør varierast. Delar av lærestoffet vil vere eigna til førelesingar og demonstrasjonar, individuelle studiar eller gruppedrøftingar. Andre delar av fagstoffet vil kunne knytast til utadretta verksemd i samhandling med eit miljø. Utvikling av eiga form- og uttrykksevne er sentralt i studiet, og mykje av det praktisk skapande arbeidet bør utførast individuelt. Felles presentasjonar og utstillingar bør danne grunnlag for drøfting og vurdering av eige og andre sitt arbeid. Faget sin visuelle eigenart og sitt verd som kjelde for opplevingar bør og formidlast og gjerast synleg i studiemiljøet elles i ulike samanhengar. Presentasjon av praktisk skapande arbeid undervegs i studiet bør difor gjennomførast. Utviklingsarbeidet kan utførast i grupper eller individuelt. Rettleiing og drøfting i slike prosessar er viktig.

I tillegg til organisert undervisning, ekskursjonar og rettleiing, skal studentane tileigne seg kunnskapar, dugleik og fagleg innsikt gjennom sjølvstudier. Studentane skal følgje med i formingsfagleg litteratur og aktuelle mediedebattar og diskusjonar om faget, kunst og visuell kultur. Studentane har sjølv ansvar for å følgje opp eige studium.

Pedagogisk arbeid i barnehage og første klasse/førskolen står sentralt i det fagdidaktiske studiet. Gjennom å studere litteratur og andre media og drøfte fagstoff, vert det skapt forståing for faget og faget sitt mål sett i forhold til barnehagen og småskolen si generelle målsetjing. Pedagogisk praksis i vid tyding skal inngå i fordjupingseininga. Praksis kan gjennomførast i barnehage, første klasse/førskolen, skolefritidsordning og andre relevante institusjonar der barn er brukargruppe (t.d. kunstskele, kunstinstitusjonar). Formidlingsaspektet står sentralt i høve til hovudemnet *kunst, media og formkultur*, og kan gjerne sjåast i samanheng med utviklingsarbeidet. Praksis vert knytt til utviklingsarbeidet.

Studentane skal gjennom studiet skaffe seg røynsle i å arbeide tematisk med fagstoffet. Der det er praktisk mogleg, kan dette gjerast i ein tverrfagleg samanheng. Tematisk arbeid opnar for heilskapleg tenking og forståing. Når fagsamarbeid er aktuelt, er det viktig at faget står fram med særtrekka sine.

Studenten skal på ulike måtar dokumentere kunnskapane sine på dei områda som er sentrale i undervisninga. På bakgrunn av dei varierte arbeids- og undervisningsformene som er spesifikke for faget, skal dokumentasjon av studiet mellom anna skje gjennom:

- presentasjon av praktisk skapande verksemd gjennom studieåret
- skriftleg eller munnleg dokumentasjon av teoretisk lærestoff
- dokumentert innsikt i forskings- og utviklingsarbeid

Det skal vere samanheng mellom mål, innhald, arbeidsformer og vurdering i fordjupingseininga.

Gjennom heile studiet har studenten rett til rettleiing og uformell vurdering. Dette legg grunnlaget for at studenten skal kunne forstå den formelle vurderinga.

*Arbeidskrav:* I lokal fagplan fastset høgskolen dei konkrete krava om arbeid som skal vere gjennomført/ bestått for å få avsluttande vurdering. Dette kan omfatte studiedeltaking, praksis, skriftlege og praktiske arbeid, visuell presentasjon av arbeidsoppgåver, prosjektoppgåve og annan dokumentasjon som går inn i fordjupingseininga.

## **5. VURDERING**

*Eksamen* skal prøve studenten sin kunnskap og dugleik i fordjupingseininga, og må spegle av innhaldet og studieformene. Eksamen kan gjennomførast undervegs i studiet og ved avslutninga av studiet, eventuelt berre ved studieslutt.

I eksamen skal det inngå ei individuell, skriftleg prøve utført under eksamensvilkår. Studenten sitt praktiske arbeid skal og leggjast fram til vurdering. I tillegg er det mogeleg å ta i bruk andre dokumentasjonsformer som kan gå inn i eksamen, f eks prosjektoppgåver/ FoU-arbeid, særskilde utstillingar, framføringar, tverrfaglege praksisretta oppgåver og munnleg prøve, individuelt eller i gruppe. Minst halvparten av eksamensarbeidet skal kunne knyttast til den einskilde studenten.

Høgskolen sin fagplan fastset korleis eksamen organiserast, kva for arbeid som går inn i vurderingsgrunnlaget, og korleis dei ulike komponentane skal vektast i den avsluttande vurderinga.

Vurderinga skal vere i samsvar med lov og forskrift.